

# RANDABERG KIRKELIGE FELLESRÅD

## PROTOKOLL

|                            |                            |                            |                         |
|----------------------------|----------------------------|----------------------------|-------------------------|
| Styre, råd, utvalg:        | Møtested:                  | Møtedato:                  | Arkiv FR                |
| <b>Randaberg</b>           | <b>Menighetskontoret i</b> | <b>onsdag</b>              |                         |
| <b>kirkelige fellesråd</b> | <b>sentrum</b>             | <b>30.10.-24 Kl. 17.00</b> | <b>Møte nr. 05/2024</b> |
|                            |                            | <b>OBS! Merk tida</b>      |                         |

### Til medlemmene i nye Randaberg kirkelige fellesråd:

Repr. Gr. Menighetsråd : Jakob Nærheim  
Repr. Gr. Menighetsråd : Ann-Christin H Hjellest  
Repr. Rb. Menighetsråd : Herbjørn Vestvik  
Repr. Rb. Menighetsråd : Bjørg Sivertsen Lauvsnes  
Repr. valgt av kommunen : Jarle Bø  
Repr. valgt av biskop : Tomas M. Røsbak

1. vararepr. Rb. MR : Erling Tokheim  
2. vararepr. Rb. MR : Brigt Bø  
1. vararepr. Gr. MR : Trond Goa  
2. vararepr. Gr. MR : Anne-Grethe T Vistnes  
Vararepr. valgt av kommunen : Rune Øygard  
Vararepr. valgt av biskop : Sokneprest i Grødem kyrkje

Forfall:

### SAKLISTE:

FR sak 34/2024 Godkjenning av innkalling og saksliste..... 1  
FR sak 35/2024 Godkjenning av møteprotokoll frå 19.06.2024 .....2  
FR sak 36/2024 Justert budsjett for 2024 .....2  
FR sak 37/2024 Informasjon- og drøftingsmøte med menighetsråda.....2  
FR sak 38/2024 Budsjettforslag for 2025 – UTSETT TIL NESTE MØTE .....3  
FR sak 39/2024 Økonomiplan 2025 – 2028 – UTSETT TIL NESTE MØTE .....3  
FR sak 40/2024 Orienteringar - UTSETT TIL NESTE MØTE .....4  
FR sak 41/2024 Eventuelt.....4

Jakob Nærheim  
Fellesrådsleder

Solveig Mjøsnes Hatletvedt  
Kirkeverge

**FR sak 34/2024 Godkjenning av innkalling og saksliste**

**Forslag til vedtak:**

Innkalling og saksliste blir godkjent.

**Saka gjeld:**

Godkjenning av møteinnkallinga og saklista.

Saker til eventuelt må meldast i starten av møtet.

**Behandling:**

Det er framleis utfordringar til to av medlemma. Sakspapira må sendast med kun to vedlegg om gongen.

Informasjon og drøftingsmøte med menighetsråda må inn som sak på lista. Open drøftingssak utan vedtak

**Vedtak:** Innkalling og saklista blei godkjent med kommentarar

**FR sak 35/2024 Godkjenning av møteprotokoll frå 19.06.2024****Forslag til vedtak:**

Møteprotokoll frå fellesrådsmøtet 24.09.2024 blir godkjent

**Behandling:** Protokollen bør vera noko meir utfyllande enn den er nå. Det kan vera vanskeleg å kjenne igjen det som blir sagt i møta. For at alt skal komma med på ein god måte, vil ein endre rutinane til at protokollen blir gjennomgått og godkjent i møtet.

**Vedtak:** Protokollen blei godkjent med ei endring.

**FR sak 36/2024 Justert budsjett for 2024****Forslag til vedtak:**

Det justerte budsjettet blir godkjent

**Behandling:** Me treng endå tydlegare budsjett, slik at ein kan følge pengestraumane ut og inn. Små beløp treng ikkje vera med. Bruk gjerne malen Regnskapsskjema - Driftregnskapet (vedlegg 2a) i x-ledger

**Vedtak:** Fellesrådet blei orienterte om det justerte budsjettet

**FR sak 37/2024 Informasjon- og drøftingsmøte med menighetsråda**

**Saka gjeld:** Randaberg kirkelige fellesråd ønskte å drøfte felles ungdomsarbeidet i Randaberg og Grødem menigheter og innsparinar for 2025.

Dagleg leiar i Grødem, soknepresten i Grødem og kyrkjevevja hadde ei innleiing slik at alle skulle ha ei felles forståing for situasjonen.

I drøftinga etterpå kom det fram fleire synspunkt:

- Ordføraren og prosten var glad for at menighetane tenkte felles undomsarbeid. Det er lite å henta av ekstra midlar frå kommunen. Det er viktig å la ungdommen få vera med å bestemma kva tiltak som skal vera. Det å vera ungdom i dag er ikkje det same som for 15-20 år sidan.
- Brukast det rette ressursar på rett plass?

Frå Randaberg menighet:

- Kan ein auke gjevartenesta for å få eit romlegare budsjett?
- Er det smart å bruke pengar på midlertidige løysingar?
- Det kan bli ein belastning for staben å vera så langt ifrå Randaberg kyrkje. Det er ikkje alle i staben i Randaberg som ønsker å flytte til Grødem.
- Det er ikkje lagt fram ein god plan for overgangen frå kyrkjevevja.
- Viktig å bli einige om det viktigaste er at det skal vera samlokalisering av stabane.
- Kva med komiteen for “nytt kyrkjebygg”, denne komiteen er alt i arbeid.
- Bør ein i framtida kutte i administrative stillingar?

Frå Grødem menighet:

- Det er viktig å ta i bruk areal som alt står der og blir lite brukt.
- Det kan bli eit godt fellesskap om ein samlokaliserer.
- Signal frå biskopen om meir samarbeid på sist vitas.
- Er den økonomiske situasjonen så stram at me ikkje har tid til å ha gode prosessar?

Synspunkta frå drøftinga blir tatt med i det vidare arbeidet i fellesrådet.

## **FR sak 38/2024 Budsjettforslag for 2025 – UTSETT TIL NESTE MØTE**

### **Forslag til vedtak:**

Budsjettforslaget blir tatt til orientering.

**Vedtak:**

## **FR sak 39/2024 Økonomiplan 2025 – 2028 – UTSETT TIL NESTE MØTE**

### **Forslag til vedtak:**

Økonomiplanen for 2025-2028 blir godkjent

**Vedtak:**

## **FR sak 40/2024 Orienteringar - UTSETT TIL NESTE MØTE**

**Forslag til vedtak:** Sakene blir tatt til orientering

- a. Alain Fassotte har takka ja til 70% fast stilling som Ungdomsprest og Margrete Beksrud har takk ja til ein 50% midlertidig stilling frå 15.nov som menighetspedagog
- b. Bjørg har vore med i den kommunale nemnda for TV-aksjonen 2024
- c. Randaberg kommune øker budsjettposten for overføring til Randaberg kirkelige fellesråd med 830 000 kroner for 2024.
- d. Tomas har fått eit års permisjon. Han skal inn i ei prosjektstilling i Stavanger KF. I hans permisjon kjem Eivind inn i hans plass.
- e. Neste Fellesrådsmøte 10.12-24, kl 17-19 i Grødem

## **FR sak 41/2024 Eventuelt**

**Saka gjeld:**

Saker til eventuelt foreslås ved starten av møtet.